

AVTALE OM LANGTIDSLEIGE AV GRUNN

Utleigar:

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen
Org.nr. 938 626 367

Leigetakar:

Voss Hang og Paraglider klubb
Postboks 482, 5703 Voss
Org.nr. 983 923 577

1. Bakgrunn

Voss Hang og Paraglider klubb (VHP) ønsker å etablere klubbhus på Hordaland fylkeskommune (HFK) sin eigedom gnr. 54 bnr. 5 på Voss. VHP mottar tippemidlar og må derfor ha ein tinglyst festekontrakt for klubbhuset.

2. Objekt

Leigeobjektet er eit areal på 5 dekar som vist på vedlagt kart datert 22.01.19 i målestokk 1:1000, og er ein del av gnr. 54 bnr. 5. Arealet er merka «Paraglider start».

2.1. Areal til klubbhus

VHP vil oppføre eit bygg med grunnflate på ca. 40 kvm. Bygget vil fungere som korttidslager, varmestue, tribune og samlingspunkt. Bygget vert teikna av arkitekt og teikninga skal godkjennast av HFK før bygging.

Det skal opprettast eit punkt feste til klubbhuset med eit areal på maksimalt 1 dekar, sjå punkt 3.

2.2. Areal til startområde

Det øvrige arealet blir ikkje omfatta av festekontrakten.

Arealet til startområdet skal haldast ope for allmenta når det ikkje er i bruk til øving, konkurranse eller arrangement av VHP.

3. Festeavtale – oppretting av punkt feste og tinglysing

Når denne kontrakten er signert, skal VHP rekvirere oppmåling av tomta og tildeling av punkt feste for arealet omtala i punkt 2.1. VHP bér kostnadene med dette.

Når det er oppretta festenummer for tomta, skal HFK lage festekontrakt. VHP sørgjer for tinglysing av festekontrakten og kostar dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Dersom festekontrakt ikkje er tinglyst innan 1 år frå signering av denne avtalen, kan denne avtalen seiast opp utan pliktar for nokon av partane.

4. Leige – regulering av avgifta

Leiga er på totalt kr 5.000 kvart år, kor leiga for arealet til klubbhus er kr 3.000 og leiga for arealet til startområdet er kr 2.000.

Leiga vert betalt forskotsvis kvart år med forfall den 15. januar eller seinare etter faktura frå HFK.

Leiga vert regulert kvar 1. januar i høve til endringar i Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeks, eller om denne blir oppheva, annan tilsvarande offentleg indeks. Opphavelig kontraktsindeks er indeksen for 15.01.2019. Leigereguleringa vert basert på utviklinga frå opphavelig kontraktsindeks til den sist kjente indeksen på reguleringstidspunktet (den 15.10). Den første reguleringa skjer 01.01.2021 basert på utviklinga frå 15.01.2019 til 15.10.2020. Leigetakar er med dette varsla om at årleg leigeregulering vil skje.

5. Varigheit

Avtalen startar 01.05.2019, eller tinglysingsdato for festekontrakten.

Varigheita er på 30 år.

Avtalen går ut utan oppseiing den 01.05.2049, eller 30 år etter oppstart, ref. første avsnitt. Dersom partane ønsker forlenging, må dei lage ny avtale.

6. Konesjon

VHP må søke om konesjon, dersom det er naudsynt.

7. Tvangsgrunnlag

VHP vedtek at tvangsfravikelse kan krevjast visst leiga eller avtalte tilleggsytingar ikkje vert betalt, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 13-2, 3. ledd bokstav a.

VHP vedtek at tvangsfravikelse kan krevjast når leigetida er laupt ut, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 13-2, 3. ledd bokstav b.

8. Atterhald

Denne avtalen må godkjennast av fylkesutvalet. HFK tar atterhald om politisk godkjenning. HFK tar atterhald om at Voss kommune tillét at det vert oppretta punkt feste.

Dersom avtalen ikkje vert politisk godkjent, eller kommunen ikkje tillét oppretting av punkt feste, fell han bort utan pliktar for nokon av partane.



9. Tvistar

Dersom partane er ueinige om tolkinga av denne avtalen, og etter å ha forsøkt å finne ei minneleg løysing, kan tvisten fremjast for eigedomens verneing.


Bergen,

Hordaland fylkeskommune

Voss,



Voss Hang og Paraglider klubb

Vedlegg:
- Kart



Oddbjørn R. Slåtten AS		Målestokk	
Rang 16		1:1000	
5708 Voss		Prosjekt	
Dato: 22.01.2019		Dokument	
Tittel: Veg til paraglider start		Elevasjon	
Veg til paraglider start		Voss Grendel	
930		Voss Grendel	